



Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato 09.10.2025
Arkiv nr.		Møteslutt 20.10

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus, Steinar Dvergsdal, Bjørn Anders Steinsund, Marit Vallestad, Norvald Nedrebø, Aud Førde, Brita Distad (vara)
Meldt forfall Camilla Klakegg
Saker 17 - 23/25

Sakliste:

- Sak 17/25 Godkjenning av innkalling.**
Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.
- Sak 18/25 Godkjenning av referat av 03.06.25**
Vedtak: Referat godkjent utan merknad.
- Sak 19/25 Barnegospel.**
Barnegospel blir oppmoda om å vere med på lokale arrangement som juletreffest og julekonsert. Dette fordi folk spør etter dei ved slike arrangement.
- Sak 20/25 Juletreffest 3. juledag.**
Det er sett opp ny komite for juletreffesten. Dei bør allereide no starte planleggingsarbeidet med å avtale med f.eks barnegospel.
- Sak 21/25 Lokal julekonsert.**
Det er ikkje sikkert det blir julekonsert i år pga dirigentmanglar ved fleire av kora. Det blir jobba med saka.
- Sak 22/25 Vedlikehald Helgheim kyrkje.**
Dørlåsane er for romme - dørene sprengt opp igjen og det blir kaldt inne. Bør og vere ein ekstra lås på utedøra og døra på nedsida må og sjåast på.
Norvald tar kontakt med Helge og finn løysingar på problema. Evt. i samarbeid med driftsleiar.
- Steinar orienterte om arbeidet nedanfor grindabygget - mot Jølstravatnet. Planar om muring og "plastring" mot vatnet, samt gjerde.
Vedtak: Det blir brukt svart flettgjerde på muren nedanfor grindabygget.
Dette vart vedteke mot 1 stemme.



Sak 23/25 Fleire dåpsklutar i Helgheim.

Jølster Design har laga / vevd ein dåpsklute, kr 930 pr stk og må vaskast og strykast etter kvar gong.

Det finst og fleire billige kluter – desse blir i enkelte sokn delt ut til dåpsbarna.

I Helgheim må vi evt ha 5 dåpsklutar.

Saka blir tatt med som sak i budsjettmøte / evt. første møte i januar.

Aud Førde
møteskrivar